

Tradisjonen tru blir det også i år biltog på 17. mai! Æv

Vi startar som vanleg med oppmøte på «bua». Her vil det vere medlemmar frå årets komité som dirigerer trafikken, slik at alle får plass.

Det blir ei ekstra markering utanfor butikken før startskotet (les: traktoren) går, med flaggheising og song. Flaggheisinga startar kl. 11.00, så møt opp i god tid. Toget går til gamalfabrikken og runden ned rundt bygda igjen.

Det er særst viktig i år at alle held seg inne i bilane sine før og under toget. Det blir dessverre ikkje mogeleg for ungane å sitje på traktorhengaren.

Alle er velkomne til å delta i biltoget, både innjabøgdas å utabøgdas! I år oppfordrar vi folket til å stille med artige/stilige farkostar.

Vi oppfordrar alle til å pynte langs vegen for å markere nasjonaldagen vår, og håper dei som ikkje har mogelegheit til å delta i toget vil vinke til oss når vi kjem køyrande forbi.